

**SOGN CYKLEKLUBB**

Referat: Styremøte
Tid og stad: Måndag 27.2.2017
Tilstades: Cathrine Stigen Bøen, Weronica Øvstetun, Erik Sannebro, Sondre Teigen Lillebostad
Forfall: -
Referent: Knut Kjærvik

Saksnr:	Sak:	Ansvar/frist:
2017-02-27 / 1	Godkjenne førre møtereferat Ok.	Knut
2017-02-27 / 2	Årsmøte 8. mars klokka 18:00 på Læg Reid hotell. Booka ok. Håkon ordner årsmelding og budsjett Jotunheimen Rundt. Knut ordner årsmelding for klubben, Cathrine medlemsliste og budsjett/rekneskap. Sakslista må ut innen onsdag 1. mars: Eventuelle saker på årsmøtet: - <u>Diskusjon 1</u> : Kva vil medlemmane med Sogn CK framover? Det har vore lite oppmøte på treningane siste åra. Lite engasjement hjå medlemmane, kun eit fåtal bidrar. Er det tilstrekkeleg å ha ein klubb for å ha andre å sykle i lag med? I kor stor grad skal styret/personar med stort engasjement prøve å få med andre på turar, ritt eller tilsvarande viss ikkje interessa er der blant medlemmane? - <u>Diskusjon 2</u> : Engasjementet i klubben er i sterk motsetnad til Jotunheimen Rundt, som har stort engasjement og drivkraft, og som gir store ringverknader. Skal ein ha rittet som eigen organisasjon? Med 100 % fokus på rittet og utviklingspotensiale mm.?	Cathrine Håkon Knut
2017-02-27 / 3	Nye styremedlemmar Valkomite har ikkje funne nokon nye medlemmar pr 27.2.2017. Ein smått liten krise då det kun er ei god veke att til årsmøtet!	Reni